



Trombonegruppa med Bjørn Naterstad som nummer tre frå høgre.

**Sist helg starta ein ny sesong for Hordaland Ungdoms Brass Band. Då var 40 dugande korpssungdommar frå heile fylket vårt samla på Aurdalslia skole i Bergen. Denne gongen var heile 5 kvinneringar, to av dei frå Uskedalen, med i korpset.**



Kornettgruppa med Vegard Døssland som nummer fire frå venstre.

Sidan det var første samlinga for sesongen, var det og ein del utskifting i besetningen. Nær ein tredjepart av korpset er nye, men det går ikkje ut over kvaliteten på dette kretskorpset.

- Det merkes ikke på korpset, for de nye holder så godt nivå, kunne leiar for HUBB, Ole Johan Aarlie, fortelja etter at øvinga var avslutta søndag ettermiddag. Det hadde vore ei topp øving både musikalsk og sosialt. Han kunne og fortelje at planlegginga med dirigentar og samlingsstader for komande samlingar var i boks både for denne sesongen og store deler av neste. Han sa og at dei svært gjerne kunne tenkja seg ei samling i Uskedalen.

Jan Egil Jørgensen og Bjørn Breistein delte på dirigentansvaret denne helga. Konserten søndag ettermiddag, som vart dirigert av Jan E. Jørgensen, viste at dei hadde hatt ei svært heldig hand om dette arbeidet. Dei frammøtte fekk oppleve ein skikkeleg publikumtreffar på høgt nivå. Heile programmet bestod av musikk frå James Bond-filmar i velklingande arrangement av korpset sin tidlegare dirigent Frode Rydland.

Heile fem kvinnhersondommar er no så heldige at dei får vera med på det dette korpset føretar seg. Det er Vegard V. Skåle og Vegard Døssland på kornett, Marius L. Torjusen, euphonium, Bjørn Naterstad, trombone, og Sebastian L. Torjusen på tuba. Dei gler seg nok til neste samling i november. Dei er nok og svært takksame overfor Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani. Dette paret legg ned ein kjempejobb og har hovudæra for at dette korpset fungerer så godt.

Av Thor Inge Døssland